



Fløysand VA AS  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/984 - 15/8556

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
29.04.2015

## Godkjenning - utslepp til minireinseanlegg for ein fritidsbustad på Landsvik, gbnr 51/35,65

**Administrativt vedtak. Saknr: 137/2015**

### Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad, motteke 26.03.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 20.04.2015, om utslepp til eit minireinseanlegg frå ein fritidsbustad på Landsvik, gbnr 51/35,65. Reinsa utslepp skal først til terreng på eigen eigedom.

Eigedommen fekk 14.04.2011, sak DNT.182/11, godkjent eit gråvassutslepp. Det skal no installerast vassklosett og det vert difor søkt om nytt utsleppsløyve. Eigedommen fekk 14.04.2011, sak DNT.183/2011 også godkjenning for tilkøling til offentleg vassverk.

### Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla 15.04.2015 og naboane har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka, jf reglane i plan- og bygningslova § 21-3.

### Vurdering:

Eigedommen ligg i eit område med krav om reinsing av avlaupsvatn i biologisk /kjemisk reinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupsvatnet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarande standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftlrg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggja føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløyve for fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 51/35,65 i samsvar med søknad motteke 26.03.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 20.04.2015 og på følgjande vilkår:

Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg, der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng.

Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.

Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Vedtak av 14.04.2011, sak DNT.182/11 ,om gråvassutslepp, vert oppheva.

Ansvarsrettar vert godkjend slik dei ligg føre, jf plan- og bygningslova.»

Gebyr for sakshandsaing følgjer vedlagt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

Situasjonskart gbnr 51-35,65

**Kopi til:**

David Brakstad

Ivegen 171

5917

ROSSLAND

**Mottakere:**

Fløysand VA AS

Fløksand

5918

FREKHAUG